



H Sandvik AS  
Galteråsen 4  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1929 - 18/20316

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:  
25.06.2018

## Dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg - gbnr 133/55 Gangstøvegen Soltveit søndre

**Tiltak:** Disp byggegrense mot veg  
**Byggjestad:** Gbnr: 133/55 Gangstøvegen 6  
**Tiltakshavar:** Sverre Almelid Mjelstad  
**Ansvarleg søkjar:** H Sandvik AS

Delegasjonssak nr.: 324/18

Saka gjeldt søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg.

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

Saka gjeld oppføring av ny forstøttningsmur langs veg opp til bustad. Samstundes skal det støypast ei plate som skal vere parkeringsdekke utanfor garasje. Plata skal etablerast på søyler på «gammal» mur samt ha støtte av forstøttningsmuren som skal leggjast langs sjølve adkomstvegen.

#### Vurdering/drøfting:

Det har vore fleire synfaringar i saka og ein har kome fram til ei felles løysing som no ligg skissert i byggesaka. I den nye løysinga vil sikt i omsøkt avkøyrsløse og avkøyninga til naboeigedom vere opprettholdt. Det er viktig at murar og søyler vert forankra på ein slik måte at det ved behov for tilkomst til mindre private stikkleidningar, i offentleg veg og inn til bustad, ikkje vert hindra eller kan føra til at mur og andre konstruksjonar raser ut.

#### Samandrag/konklusjon:

Det kan gis tillatelse til å føre opp mur og søyler dersom vikåra i vedtaket vert innfridd.



## Vedtak:

Dispensasjon vert gjerve på følgjande vilkår:

- Det skal ikkje setjast opp murar eller andre innretningar som hindrar sikt i siktsonener for gbnr 133/55, 133/68 og 133/83.
- Det skal iggje føre godkjenning for utvida bruk av avkøyrsløse.
- Det må takast hensyn til VA-leidningar som ligg langs vegen, sjå vedlagt VA-kart. Det er mindre private stikkleidningar som ligg her. Mur og søyler må ikkje hindre tilkomst og det må sikrast at konstruksjonen ikkje fell saman ved tilkomst til det private VA-nettet. Mur/søyler bør forankrast i fast fjell eller under VA-leidningane.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

## Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsløse ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

VA-kart 133 55

## Mottakarar:

H Sandvik AS	Galteråsen 4	5916	ISDALSTØ
H Sandvik Entreprenør AS			
Sverre Almelid Mjelstad	Gangstøvegen 6	5911	ALVERSUND